



PÅ FULL FART MOT 20 NYE ÅR: Tove Jane feirar 20 års jubileum i år og er like motivert for åra som kjem. Foto: privat

Tove Jane satsa alt på hjartebarnet sitt: – Har alltid vore forut mi tid

No feirer bedrifta 20 års jubileum.



Kristin Vee JOURNALIST

PUBLISERT Søndag 30. januar 2022 - 18:40 SIST OPPDATERT Søndag 30. januar 2022 - 18:59

– Dette er mitt hjartebarn, seier Tove Jane Fjeldstad med stor entusiasme. Fjeldstad vaks opp i Øvre Årdal og tok utdanning, som mange andre Årdøler, ved Statens Lærarhøgskule i Handel- og kontor (SLHK) på Hønefoss. Faga ho fordjupa seg i var bedriftsøkonomi, pedagogikk og norsk. I tillegg har ho teke etterutdanning i Tyskland og Storbritannia i entreprenørskap og verdibasert leiing.

Engelskfaget studerte ho i England og kanskje det var der, eller på den nesten åtte månaders lange jordomreisa, at ho fekk den geniale foretningsidèen. Å kombinere utdanning, fjord og fjell til ein alttoppslukande jobb. I 2002 etablerte ho firmaet New 2 Norway.

New 2 Norway

New 2 Norway vart etablert i 2002 av Tove Jane Fjeldstad.

Forretningside går ut på å kombinere opplæring av språk med kultur, naturopplevingar og møter med mennesker.

Alle språkpakker er unikt tilpassa individuelle, grupper og bedrifter.

Firmaet var tidleg ute med tilbod om digital undervisning.

Alle som jobbar med språkopplæring må vere lærarutdanna og ha norsk som fag.

Firmaet har ca 20 samarbeidspartnarar i ulike land. Bulder og brak i Årdal er ein av dei.

Hjartebarnet

– New 2 Norway er mitt hjartebarn, seier Fjeldstad. Gjennom arbeidet i firmaet har eg etablert eit stort nettverk og eg har ein haug med fadderbarn og mykje spennande folk rundt meg. Det er ein del av min storfamilie, og her trivast eg.



I OSLO: Hovudkontoret til selskapet ligg i Oslo, der bur Fjeldstad store delar av året når ho ikkje er på reise. Foto: privat.

– Eg har alltid vore forut mi tid, seier Fjeldstad.

Sjølv om ho gjekk lærarskule, var det aldri aktuelt å bli verande som skulelærar. Lidenskapen til språk, kultur og møte mellom menneske var drivkrafta i etablering av selskapet i 2002. Her er ho sin eigen herre og har ingen fast tilsette, med rundt 20 samarbeidspartnarar. Fleire av dei som jobbar der har vore knytte til firmaet gjennom fleire år.

Fjeldstad er oppteken av nettverksbygging og seier det har vore avgjerande for å lukkast i bransjen, spesielt med alle svingingane som har vore ute i verda. Ho var difor ein av dei fyrste til å kople seg på nettverket LinkedIn i Norge i 2006. Gjennom LinkedIn fekk ho tilgang til eit profesjonelt nettverk, og det har vore ein god portal for promotering av språkpakkene til selskapet New 2 Norway.

Ein altoppslukande livsstil

At det har vore knallhard jobbing er det ikkje tvil om. Då Fjeldstad samarbeidde med ein sveitser for nokre år sidan så spurte han ho kor mange timar ho jobba i døgnet. Ho fortalde kjapt at ho hadde slutta å telje for lenge sidan for då ville ho fort kome i minus når det gjeld inntekt.

– Fortel litt om kundane de har?

– Kundane er superflinke og genuint interesserte i Norge, kulturen og språket. Dei har utruleg ulike utgangspunkt og behov for å lære norsk. Norsk er som oftast det fjerde eller femte språket desse lærer seg.

Me hadde ein hjernekirurg frå Ullevåll som måtte lære seg betre norsk. Så var det ei amerikansk gruppe som skulle gå pilegrimsturen til Trondheim. Då var det berre å sy saman eit språkleg og historisk opplegg som trefte det behovet. Me har undervist alt frå ambassadørar til skreddarar, og alle får dei ein språkpakke som er tilpassa deira behov og ynskje. Det viktigaste er jo å auka kunnskapane.



PRAKTISK ØVING: På cafe med kundar, der dei øver på norsk i lunsjen. Foto: Privat Fjeldstad fortel at det har vore ein viktig del av salsarbeidet å få utanlandske bedrifter til å forstå at det er viktig med norsk språk og kultur – ja, svært viktig for integreringa.

– Ein kan ikkje berre overleva på engelsk. Då går ein glipp av mange kjekke opplevingar og spesielt interessante samtalar over ein god kopp kaffi.

Nye kundar under pandemien

– Det har vore interessant å sjå at fleire har teke kontakt i pandemitida med ynskje om å lære norsk eller forbetre innlært kunnskap. Mange gjev uttrykk for at dei forstår norsk, men at dei ikkje har sjølvtilitt nok til å snakke norsk eller få rom for å praktisere. Nordisk Råd har og vektlagt verdien av at me i Skandinavia bør snakke våre morsmål med kvarandre.

– Når eg opplever at studentar fortel at dei kan forstå dansk eller svensk etter å ha lært norsk gjennom New 2 Norway, så blir eg utruleg stolt og tenkjer: Ja, da har dei jammen lært noko.

– Kan du skru av fossen?

– Har du nokre morosame opplevingar frå «språkreisene» du har vore med på?

– Ja det er mange. Blant anna ein sopptur på Vettismorki. Der nokre soppentusiastar tok turen med oss og fann mange soppar dei aldri hadde sett eller smakt før. Etter ein lang og strabasiøs dag og det var leggtid, sa ho eine til meg: Unnskyld, men kan du skru av det som buldrar slik? Eg spurte kva ho meinte og ho peika ut på Avdalsfossen.

– Ein anna var då me hadde språkpakke i Avdalen. I informasjonsskrivet som deltakarane tek imot, står det at Norge og Vestlandet er fjord og fjell. Da me hadde språkpakker i Avdalen, sto det også at dei måtte gå opp 360 meter før dei kom fram til basen vår.



I FJELLHEIMEN: Her er Fjeldstad i sitt rette element. Foto: Privat

Eg møtte deltakarane ved inngangen til Vettisgjeli, og der var det jammen to som kom med høghæla sko og koffert! Eg spurte om dei hadde andre sko eller sekk, men fekk eit spørjande blikk tilbake. Så da var det berre til å ringa fram til Vetti gard for å høyra om dei kunne få overnatta der ..., og få skyss fram.»

Full stopp når pandemien kom

– Korleis har firmaet klart seg i pandemitida?

– Me stod på trappene til å ekspandera, då pandemien slo inn så då blei det bråstopp på alle plan. Heldigvis så har eg vore framtidsretta heile vegen, og den digitale undervisninga vår var godt etablert.

Eit godt rykte og eit stort nettverk har vore essensielt for å koma dit me er i dag, seier ho. No søker me etter nye samarbeidspartnarar i vakre Vest.

– Vert kundane gode i norsk?

– Ja det vert dei. For mange handlar det faktisk om å kunne vite kva folk snakkar om i lunsjen, seier ho. Motivasjonen er ofte stor og kombinasjonen med opplevingar i norsk natur og miljø ser ut til å fungere godt. Me har resultat som viser at vår pedagogikk og metodikk fører til at dei lærer 50 % fortare enn hjå andre aktørar.

Word of mouth

At Fjeldstad brenn for arbeidet og går inn med heile seg, er det ingen tvil om. Ho fortel om mange gode opplevingar med kundane og ser fram mot 20 nye år med språkpakker i ulike variantar.

Ho fortel at det er avgjerande at kundane vert nøgde og gir anbefalingar vidare. Framleis får ho kort i posten av folk som nytta tilbodet for fleire år sidan. Då står det ofte på kortet: «Hei Tove Jane. Korleis går det? Ære vere Øvre Årdal». Då har dei i alle fall lært æ, ø og å ler ho.

Ønskjer å lose kundane trygt i hamn

– Eg gløymde forresten å trekkja fram filosofien vår. New 2 Norway er skuta som fører desse utanlandske trygt i hamn ved å stå til rors etter verdiane våre: r=rollemodell, o=omsorg, r=respekt, s=samarbeid.

Det kan verke som om kundane vel ei trygg og stødig skute gjennom å reise med New 2 Norway.